



Bilete frå styrketreninga er eit av to bilete i medlemsbladet til Nasjonalforning for folkehelsa.

Uskedal helselag er 100 år og eit profilert heslelag i landet. I dei to siste utgåvene av Nasjonalforning sitt blad Hjerte og Hjerne er det bilete frå lagsdrifta til helselaget i Uskedalen. Medlemsbladet går ut til 30000 lesarar på nasjonalt plan.

Det eine bilete fortel om Uskedal helselag sin innsats i Demensaksjonen med samling i Gamleskulen før alle bøsseberarane går på bygda etter inndelte roder. Biletteksten fortel at alle frivillige bøsseberar vart møtt med kaffi og kringle, og at det er unge og eldre med på innsamlinga.

Det andre bilete er henta frå styrketreninga i Gamleskulen kvar måndag kl. 11. Tilbodet er ope for alle og treninga legg vekt på styrke og betra førleghet.

Begge bileta er lagt til spalta Landet rundt. Med dette kan vi trygt sei at Uskedal helselag er ein profilert 100 åring.

Tekst/foto/mett: Kristian Bringedal